



Informasjon vassmålarinstallasjon sameige- burettslag mm

Voss herad vil informera om temaet vassmålar og korleis dette vert handtert i ulike buformer som burettslag og seksjonssameige osv. Etter erfaring og i samsvar med rettleiar og forskrifter frå Voss herad, ynskjer me å tilrå at det vert installert **ein vassmålar per bueining**, der dette er mogleg. Mrk. alle nybygg har krav om installasjon av vassmålar.

Kvifor individuell vassmåling?

Når faktura for vatn og avløp vert sendt til ein juridisk eining – til dømes eit burettslag eller eit sameige – må utgiftene fordelast internt. Dette kan føra til utfordringar, spesielt når vassforbruket varierer mykje mellom bustadeiningane. Det kan opplevast som urettferdig at alle skal betala likt, sjølv om forbruket ikkje er det. Voss herad har i den seinare tida opplevd at abonnentane opplever dette som ei ikkje rettvis ordning.

Ved å installera ein vassmålar for kvar leilegheit eller seksjon, betalar kvar brukar for sitt faktiske forbruk. Det gir større rettferd og betre kostnadskontroll for alle.

Kva seier regelverket?

Ifølgje rettleiar for vassmålarinstallasjon frå Voss herad:

«For blokk eller rekkehus vil rettsobjektet vera avgjерande for antal vassmålarar. Dersom det til dømes er eit burettslag som er eigar, skal bygningen sjåast på som eitt rettsobjekt, og det skal installerast ein vassmålar ved hovudinntaket. For seksjonerte bygg skal det installerast ein vassmålar pr. seksjon. Dersom det ikkje teknisk lar seg gjera, kan hovudvassmålar monterast ved inntaket, før første koplingsleidning. Føresetnaden er då at fakturaen går til ein juridisk eining som er ansvarleg for avgiftene for alle seksjonane.»

Vi viser også til **Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Voss herad**, som gir rammene for korleis gebyr skal fastsetjast og fordelast.

Vår tillråding

For å unngå urettferdig fordeling, misnøye eller uavklarte spørsmål i ettertid, tilrår me at det – så langt det er praktisk mogleg – blir installert **eigen vassmålar per bustadeining**. Dette gjer at kvar bebuar betaler for sitt eige forbruk, og det forenklar både administrasjon og rettferdig kostnadsdeling.

Har du spørsmål om dette, eller ønskjer meir informasjon, er du velkommen til å ta kontakt.